



# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 2

FEBRUAR 1974

23. årgang

## Det var mor

Kven gledde seg mest  
då du kom til jor'?  
Kven bad for deg i si bøn?  
Kven streva og sleit  
utan mange or'?  
Kven venta ikkje på løn?  
Det var mor.

Kven lærte deg Jesus  
som ven og bror?  
Kven synte deg himmelveg?  
Kven lærte deg vegen  
dit Frelsaren bor?  
og å styra vel dine steg?  
Det var mor.

Kven lærte deg seia ditt første or'?  
og taka ditt første steg?  
Kven var det som gjorde deg  
sterk og stor?  
og gav åt deg heile seg?  
Det var mor.

Kven hugsa deg kvar i verda du for?  
Kven gret med deg i di sorg?  
Kven lo åt din glede, liten og stor -?  
Kven sa di hytte var borg?  
Det var mor.

Så har du vel hugsa  
ho mor kvar dag?  
Har stroke ho lindt om kinn?  
Planta smil på dei  
skrukkute andletsdrag,  
og delt med ho gleden din. —  
Kvar ein dag?

K.G.R.



Boka og lyset er talande symbol  
på Bibelselskapets arbeid.

## Bekymringer og atter bekymringer

Overskriften er hentet fra TV. Det er familien Scholtz som fra bekymringer over barna har fått bekymringer over foreldrenes ekteskapsforhold. Alt er visst galt fatt med ekteskap og familie etter blad, TV og radio. Og det er vel så, at ikke alt er som det skal. Men er det ikke et program i all denne problemstillingen? Man vil bryte ned den tradisjonelle kristne ekteskapsmoral, og så svartmales det for å vise at alt er bedre.

I anledning morsdagen og «Ja, til livet»-aksjonen vil vi positivt være mer rettfærdige. Det slingerer da å går med de fleste ektefolk. Sogar finner vi behag i hverandre og kan glede oss over trofasthet, trøst og hengivenhet. Barna trives i heimen som fisken i vannet. Mor og far er toppen. Tenk at noen mener det ennå! «Spør barn og fulle folk, og du får høre sannheten», lød fra det gamle visdomsordet. Og vi har fått hørt det fra begge parter, om heimens velsignelse. Vi har arbeidet så mye blant skilte, fulle menn, at vi vet hvorfor Jeppe drikker».

Etter revolusjonen i 1917 proklamerte Sovjetsystemet oppløsning av den kristne ekteskapsmoral. Russerne har imellomtiden lært, og har forandret sine lover mellom mann, kvinne, barn til noen av de mest strikte i Europa. I Kina har de fastholdt familieenheten mellom ge-

Forts. s. 5.



Klapp i hendene, alle folk,  
hyll nå Gud med jubelrop.

(Salme 47).

## Ei kriminalhistorie med Bibelen som løysing

Vi veit at Guds ord verkar på så mange vis. Då bør ein ikkje undrast om Bibelen kan spela ei avgjerande rolle i ei kriminalhistorie.

Historia gjekk føre seg i eit av dei hardaste fengsla i Panama, på øya Coiba. Kvar fange kunne fortelja spennande kriminalhistorier som fekk eit førebels sluttkapittel i cella. Men nett i denne strenge anstalten tok ei ny historie til, meir forunderleg enn noko av det dei innsette hadde opplevd før.

Det starta for fire år sidan, då bibelselskapet tok til å dela ut bibelskrifter i fengslet. Desse småbøkene gjorde underverk i åra som kom. I dag er 300 av dei 400 innsette truande kristne. Kan henda har fengselsdirektøren den mest overtydande attesten å gje, når han seier: No har eg ikkje lenger ein vanskeleg jobb å gjera her!

## SLEKTERS GANG

## Døpte

## Orkland.

27. 1. Trine Svorkmo.

## Orkdal.

- 1.1. Gunnar Robert Sellæg  
(døpt i Namsos k.)  
13. 1. Even Melbye  
Monica Sluphaug  
20. 1. Rune Løvås  
Karin Hoston.

## Orkanger.

13. 1. Kirsten Marie Holten  
Siri Stokke  
Erik Andreas Krognest  
(Strinda)  
20. 1. Linda Margareth Øye.

## Geitastrand.

27. 1. Jomar Bjørnbeth.

## Vigde

## Orkland.

26. 1. Per Egil Strømsvåg og
- 
- Randi Karin Rise.

## Orkdal.

31. 12. 73. Ola Solhus og Eva Kjønlø.

## Orkanger.

19. 1. John Atle Krokstad og
- 
- Dagrun Olea Soleim.

## Døde

## Orkdal.

11. 1. Johan Marius Sommervold,  
f. 1900  
Jenny Elise Sverja, f. 1883  
13. 1. Martha Øyen, f. 1907  
28. 1. Lava Snøsen, f. 1895.

## Orkanger.

4. 1. Johanna Pauline Vinje, f. 1887  
11. 1. Jenny Rebekka Østeggen,  
f. 1890.  
16. 1. Ole J. Selboe, f. 1890.

Velkommen til vår forretning.  
Vi står alltid til tjeneste.  
Gjør innkjøpene hos oss.

*Svorkmo*  
*Handelssamlag*

## De to sider

«Med sin ene hånd arbeidet de på verket og med den andre holdt de sitt våpen». Neh. 4, 17.

Dette sies om de israeliter som på Nehemias's oppfordring arbeidet med å gjenoppbygge muren omkring Jerusalem. Saken var at Israels fiender sluttet seg sammen i flokk og følge for å kjempe mot Israel og forstyrre dets arbeide med å gjenreise muren. Derfor måtte oppbyggelsens og forsvarrets gjerning gå hånd i hånd.

Dette er et bilde på kristenlivet og et bilde på tjenerne og tjenesten i Guds rike. Både i vårt kristenliv og i vår tjeneste må disse to sider gå hånd i hånd.

Når vi hver søndag ber i vår kirkebønn: «Giv din kirke rettskafne tjenere som både lærer vel og lever vel, så er det det rette kristenliv og den rette tjeneste det tenkes på. Og med disse ord tenker vi ikke bare på prester og predikanter, men også på de tjenere som har sin plass i skolen. Og det med rette, for de har en stor og ansvarsfull gjerning. Det var en gang sagt at «folkeskolen er et rensende bad i vårt folk. Kan det sies skjønnere og vakrere og kan tjenesten skildres større!»

Når vi tenker på vårt eget kristenliv, så må nok oppbyggelsens gjerning nevnes først. For er der intet bygget, så er der heller intet å forsvare. Det enkelte menneskes kristenliv er skapt av Guds ånd. Således bygges grunnvullen. Det skulle vel ikke her være nødvendig å minne om at for en rett åndens tjener er det ikke nok med de avlagte eksamener. Enhver får prøve seg selv om Guds hellige ånd har fått lagt sin grunnvoll inne i oss. Og på denne grunnvoll må der bygges videre. Guds hus må vokse. Det indre menneske må fornyes dag for dag. Uten denne fornyelse kan det bli døden for vårt indre liv — det som er skjult med Kristus i Gud.

Og her må oppbyggelsens gjerning gå hånd i hånd med forsvarrets gjerning. Det er nødvendig for en troende å verge seg mot sin salighets fiender: — *Vår salighets fiender!* Det er ondskapens åndehær i himmelrummet. Det gjelder for oss å være rustet slik at vi kan slukke den ondes gloende piler. *Vår salighets fiender!* Det er verden som ligger i det onde. Det gjelder å være rustet slik at vi kan leve i verden og dog ikke være av den. *Vår salighets fiender!* Det er vårt eget kjød, hvis sans er fiendskap mot Gud. Det gjelder å være rustet slik at vi kan seire over vårt kjød, det som ikke frivillig gir avkall på noe av sitt eget. Men all vår rustning er i Kristus Jesus.

I hans kraft er det at vi alene kan forsvare oss. «Ta vare på deg selv», sier apostelen - forsvar deg overfor de nedbrytende krefter i livet. Vi vet det er nødvendig, for vi har alle stiftet bekjentskap med dem og vet hva de bærer i sitt skjød. «Ta vare på deg selv», sier apostelen, men føyer til: «Ta vare på hjorden!» Hjorden — Guds hjord — det var et kjært ord for de første kristne. Det burde være det også for oss. Hjorden, det var Guds menighet som de var satt til å oppbygge og forsvare. Om Guds menighet bruker vårt nytestamente andre bilder: Den er Guds akerland — Guds bygning. Og det nye testamente inneholder meget om vårt forhold til menigheten. Og de ord

Forts. s. 8.

**SØLVVARER**  
til  
**BARNEDÅP BRYLLUP**  
**KONFIRMASJON**  
Gullsmed

*John*  
**ROHME**

7300 Orkanger

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av soknerådene i Orkdal

Redigert av res. kap.

Kasserer:

**Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.**

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/L.

## Tal frå kyrkjestatistikken

for 1973 — Tal frå 1972 i ( ).

## Orkdal prestegjeld.

gudstenester . . . . .	148 ( 159)
møter ved presten . . . . .	263 ( 200)
off. styremøter v. pr. . . . .	47 ( 39)
vitjing i sjelesorg . . . . .	527 ( 623)
vitjing aldersheim og sjukehus . . . . .	134 ( 115)
skulevitjingar . . . . .	40 ( 13)
fødde . . . . .	120 ( 154)
døpte . . . . .	135 ( 168)
konfirmerte . . . . .	141 ( 137)
vigslar i kyrkja . . . . .	64 ( 82)
nattverdsgjester . . . . .	1420 ( 1001)
jordfeste . . . . .	96 ( 106)
offer og kollekt . . . . .	43464 (26259)

K.R.

## Offerkvitteringar 1973

## Det Norske Misjonsselskap:

Orkland 1.456. Orkdal 5.838.  
Orkanger 896. Geitastrand 488.  
Tils.: 8.678.

## Den norske Santalmisjon:

Orkdal 821. Orkanger 155.  
Geitastrand 245. Til.: 1.221.

## Norsk Luthersk Misjonssamband:

Orkland 565. Orkdal 1.930.  
Tils.: 2.495.

## Den norske Israelsmisjon:

Orkanger 200.

## Bibelmisjonen (D.N. Bibelselskap):

Orkland 263. Orkdal 1.437.  
Orkanger 394. Tils.: 2.094.

## Misjon bak Jernteppet:

Orkland 357.

## Kirkens Nødhjelp:

Orkland 877. Orkdal 1.548.  
Orkanger 445. Geitastrand 840.  
Tils.: 3.710.  
I alt til misj. og nødhj. kr. 18.755.

## Indremisjonsselskapet:

Orkland 1.328. Orkdal 469.  
Orkanger 428. Geitastrand 247.  
Tils.: 2.472.

## Norges Kr. Ungdomsforbund:

Orkdal 441. Orkanger 240.  
Tils.: 681.

## Norsk Søndagsskoleforbund:

Orkland 350. Orkdal 631.  
Orkanger 220. Tils.: 1.201.

## Samemisjonen:

Orkdal 514. Geitastrand 201.  
Tils.: 715.

## Den norske Sjømannsmisjon:

Orkdal 825. Orkanger 686.  
Geitastrand 166. Tils.: 1.677.

## Norges kr. Stud.- og Skoleungd.lag:

Orkland 854.

## Menighetsfakultetet:

Orkland 526. Orkdal 1.728.  
Tils.: 2.354.

## Nidaros bispedømmeråd:

Orkland 181. Orkdal 1.413.  
Orkanger 420. Geitastrand 310.  
Tils.: 2.324.

## Kronprinsesse Märthas kyrkje:

Orkland 300. Orkdal 917.  
Orkanger 200. Geitastrand 243.  
Tils.: 1.660.

## Kr. arbeideres forbund:

Orkdal 462.

## Dei fire diakoninstitusjonane:

Orkanger 252.

## Institutt for Kristen Oppseding:

Orkdal 970.  
I alt til kyrkjeleg og org.messig arbeid: 15.622.

## Lokalt menighetsarbeid:

Orkland 2.390. Orkdal 3.512.  
Orkanger 1.141. Geitastrand 467.  
Tils.: 7.510.

## Orkanger bl.kor:

Orkanger 426.



## Konstituering av sokneråd

Orkanger sokneråd har gjenvalgt Agnes Singstad som formann. Nestform: Esther Larsen, kass. Harald Hukkelås og sekr. Egil Singstad. Til kyrkjetilsyn blei valgt Magnhild Hoff og Agnes Skauvik og kyrkjevorgen. Til kyrkjeleg fellelsråd blei valgt Harald Hukkelås og Agnes Singstad. Finansutvalg: Harald Hukkelås, Magnhild Hoff, Esther Larsen. IKOnemnd: Agnes Skauvik, Andreas Solem, Edith Singstad.

Egil Singstad er blitt ny kyrkjeverge på Orkanger etter Leif Ross som har fråsaagt seg vervet.

Geitastrand sokneråd har gjenvalgt Gunvor Rian som formann. Nestform: Gunerius Kjøren, kass: Randi Langvik og sekr. Johan Kjøren.

Orkland sokneråd har gjenvalgt Martha Fagerli som form. og Ola Ljøkjel som nestform., kass: Jostein Dalen og sekr. Jens Indergaard. Kyrkjeleg fellelsråd: Martha Fagerli og Ingvar Grytdal.

Orkdal sokneråd har valgt Arnt Gangås til ny formann, og Einar Stokkan som nestformann.

Sigmund Haugset blei kasserer og Borghild Slørdal sekretær.

Vi ønsker alle lykke til. Kvinneemansipasjonen må ha nådd langt i kyrkjelivet i Orkdal sidan 3 av 4 sokneråd har kvinneleg formann (som før). Dei må uttrykkeleg ha sett seg i respekt.

## Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker Papir  
Skolemateriell.



DEL ORDET MED ANDRE.

## BIBELDAGEN 1974

at fem er ein neve full, og femten tre nevar. Så kan ein tenkja seg at bibelomsetjarane, når dei tar til med Matteus-evangeliet, får vanskar med ordet om å tilgje sytti gonger sju gonger! For så mange nevar fulle plar ikkje buskmennene rekna med.

Denne historia kan seia oss litt om det utrøytande arbeidet som bibelselskapa har for å nå målet: Guds ord til alle på eit språk dei kan skjønna.

Til no er Bibelen heilt eller delvis omsett til meir enn 1500 språk. Og kvar omsetjing krev eit endelaust tålmod.

### Bruk Bibelen betre

Å halda ein årleg bibeldag er ikkje nokon særnorsk skikk, men er vel kjend i mange land. Bibeldagen 1974 er lagd til søndag 17. februar — «såmannssundagen», og mottoet for dagen er: BRUK BIBELLEN BETRE!

Treng vi ei slik oppfordring? Utan tvil — og i dobbel meining.

Mottoet minner oss for det fyrste om den daglege bibellesinga, som kan gje oss hjelp og kraft på vegen.

Men det minner oss og om ei oppgåve kvar bibellesar har: Gjev Ordet vidare!

Meininga med Bibeldagen 1974 er at vi kvar einskild, skal få meir hug til å lesa i Bibelen. Då brukar vi Bibelen betre!

Men dagen gjev og ein appell om det ansvar vi har for å gje Ordet til andre. Då brukar vi Bibelen endå betre!

### Guds ord på 1 X U og 1500 andre språk

Markus-evangeliet er nyleg omsett til det språket som ei av dei minst kjende stammene i verda nyttar. Språket er ! x u, eller buskmannspråket, og det blir brukt av om lag 15.000 menneske i ei stamme i Sørvest-Afrika.

Stamma har ein viss likskap med pygmeane i Sentral-Afrika og har truleg flytt ut derifrå. Bibelomsetjarane fekk ei vanskeleg oppgåve i dette språket, m.a. av di det er fullt av klikke- og smattelydar som det ikkje er lett å gje att med bokstavar og teikn. Ord for abstrakte omgrep har ein ikkje mykje av i språket, og tal skaper og problem. Buskmennene tel berre til tre, og så seier dei

han har gjeve oss skjøn, så vi kjenner den Sanne. Og vi er i han, den Sanne, vi som er i Son hans, Jesus Kristus. Han er den sanne Gud og det evige livet. Mine born, ta dykk i vare for dei falske gudane!

1. Johs. 5, 18 - 21.

Det er det bodet vi har hatt frå fyrste stund: Vi skal elska kvarandre. Og dette er kjærleiken: at vi lever etter hans bod. Dette bodet har de høyrte frå fyrste stund, og det skal de halda.

2. Johs. 5c - 6.

### Falske lærarar

Den som ikkje held seg til Kristi lære, men går ut over den, har ikkje samfunn med Gud. Den som held fast ved læra, han har samfunn med både Faderen og Sonen. Kjem det nokon til dykk som ikkje fører denne læra, skal de ikkje ta han inn i huset og ikkje helsa han vel møtt! For den som helsar han, vert medskuldig i alt det vonde han gjer.

2. Johs. 9 - 11.

Kjære ven, mest av alt ønskjer eg at du må få vera frisk og ha det like godt lekamleg som du har det åndelig.

3. Johs. 2.

### Hjelp til misjonærene

Det var ei stor glede for meg då nokre av brørne kom og fortalte kor trufast du er mot sanninga; den held du deg til. Ikkje noko gleder meg meir enn å høyre at borna mine lever i sanninga.

Kjære ven, det er ei trufast gjerning det du gjer for brørne, også når dei er framande. I krkjelyden her har de fortalt om din kjærleik. Du gjer vel om du hjelper dei vidare på ferda, som det er rett for Gud. Det var for å forkynna Namnet dei drog ut, og dei tek ikkje imot hjelp frå heidningane. Difor bør vi ta oss av dei, så vi kan vera medarbeidarar for sanninga.

3. Johs. 3 - 8.

## Jamvel ein analfabet kan vera misjonær

Vi ventar helst at ein som skal læra andre, må vera flink og kunnskapsrik. Men stundom kan jamvel ein analfabet vera god nok.

Det fortel den norske misjonæren og bibelomsetjaren Frøydis Nordbustad ei rørende historie om.

Ho arbeider i Tanzania med omsetjing av Bibelen til stammespråket iraqw, og nokre delar av nytestamentet er utgjeve som små, letteste hefte for nye og urøynde lesarar.

— Ei bunke med slike hefte har vi gjeve til ei kristen kvinne i ein avsidesliggjande landsby, fortel misjonæren. Sjølv kan ho ikkje lesa, så andre har lese opp innhaldet for henne. Så går ho — rundt i landsbyen med dei fargerike bibeldelane, deler dei ut til folk og fortel innhaldet slik ho har lært det. Samstundes gjev ho eit personleg vitnemål.

Det kjem aldri evangelistar og misjonærar til denne landsbyen.


Bibelhefta og vitnemålet frå den kristne kvinna er det fyrste møtet folket der får med Guds ord. Jamvel ein analfabet kan vera misjonær!

### ORKLAND MANNSKOR

har hatt årsmøte og valgt Peter Ljøkjel som ny formann. Formann før var Tore Høston. Jens Indergaard er dirigent.

### ELDRES HYGGETIME

på Svorkmo misjonshus fredag 15. februar kl. 11.



I KJÆRLEIKEN FINST DET IKKE FRYKT. (1. Johs. 4, 17).

## Hvordan kan vi bruke bibelen bedre?

En kan gjøre forskjellige erfaringer når det gjelder å bruke Bibelen. Vi har spurt noen kjente menn og kvinner om hvordan de ser på spørsmålet, og her er svarene.

### Søkneprest Sigurd Lunde:

Jeg vil si fire ting om dette:

- Bruk den regelmessig.
- Søk opplysning om de forskjellige skriftene.
- Les i sammenheng.
- Gjør etter det du leser!

### Liv Nordhaug,

formann i Norges KFUK:

— Ut av tvil og forvirring kommer vi ikke med tankestrev.

Men i bønn og stillhet kan vi daglig møte Gud i hans ord.

Da skapes troen. Da opplever vi underet.

### Redaktør, pastor Kaare Lunde:

Skulle jeg gi et ord til en nybegynner, ville jeg ut fra egen erfaring si:

— Jeg ville skaffe meg et enkelt evangelium i særtrykk.

Hele Bibelen kan virke uoverkommelig, men et evangelium er ikke uoverkommelig. Det kan du få for en krone eller to, og det kan du lese på en time eller to.

### Biskop Dagfinn Hauge:

— Bibelen er et helt bibliotek på 66 bøker og kan følgelig gi kunnskap om mange ting. Men hovedanliggendet er å la oss vite om Gud og den han sendte, Jesus Kristus. Å bruke Bibelen rett vil si å lete etter Jesus i det man leser. Bibelen brukes bedre jo mer jeg innretter meg etter det den sier om Jesus og hans evige vilje.

### Georg Hille, Kirkerådets dagl. leder:

— Bibelen er den ubegrensede mulighet i menigheters og kristenmenneskers liv. Men vi utnytter bare en brøkdel av dens kapasitet. Vi må bruke den med oppfinnsomhet, pågåenhet, tålmodighet, ettertenksomhet og bønn! Slik kan Bibelen komme bedre i gang blant oss — og det blir spennende å bruke den!

### Bibelkurs på Svorkmo

Indremisjonsselskapet arrangerer kveldskurs på Svorkmo misjonshus 5. - 10. mars. Det blir ulike emner av praktisk og teoretisk slag.

Lærarar blir cand. teol. Oddvar M. Frisvoll, sekretær Ivar Eggen og res.kap. Inge Eidhamar.

Kurset blir avslutta med gudsteneste i Orkland kyrkje søndag 10. mars.

### Forlagssjef Gunnar Prestegård

blir hovedtaler på vintermøtet for Trøndelag Indremisjonsskrets 23.-24. februar 1974. Møtet holdes som vanlig i Salem i Trondheim, og dessuten deltar kretsens predikanter på gudstjenester og møter i Trondheimsområdet søndag formiddag.

En rekke ulike sangkrefter blir med under møtet, og flere forkynnere deltar.

Mandagen etter — 25. februar — går det tradisjonelle kvinnestevne av stabelen samme sted.

Det ventes sprengt lokale — spesielt til festsamværet lørdag ettermiddag, og til sangmøtet søndag ettermiddag.

H. G.

## Bekymringer - -

Framh. frå s. 1.

nerasjonene uten romantikk både i det gamle og det nye mønster. Unntak er vel sider ved det nå forlatte folkekommunale eksperiment.

I vesten proklameres framleis normløshetens evangelium. «Stakkars Kristus», skrev en sovjetisk avis om Hans Jørgen Thoresens berømte filmmanuskript. Vi vil si det annerledes: Stakkars oss vestens «kulturmennesker» som ikke kan ta vare på det fineste utgangspunkt som noensinne er gitt om forholdet mann, kvinne, barn, nemlig Bibelen menneskesyn.

På torsdagen erkjennes det: Det står bedre til enn ryktet bekrefter. Og vi skal ta igjen alt det forspilte med et «Ja, til livet!» Et ja til Jesus Kristus. ige.

## SPEIDERLOVA

i teikn som fortel om lovas ord.

Guds auge som ser deg kvar du enn ferdast fortel:

Ein speidar er åpen for Gud og hans ord.

Teltet du reiser for tryggleik og ly fortel:

EIN SPEIDAR KJENNER ANSVAR FOR SEG SJØLV OG ANDRE.

Knuten som minner om godtørn for andre fortel:

EIN SPEIDAR ER HJELPSAM OG VISER OMSYN.

Hjartet er vennskapsteiknet som fortel:

EIN SPEIDAR ER EIN GOD VEN.

Det reine skjoldet som var riddarmerket fortel:

EIN SPEIDAR ER ÆRLEG OG TIL Å LITE PÅ

Dei spirande trea som treng ditt vern fortel:

EIN SPEIDAR KJENNER NATUREN OG VERNAR OM HAN.

Sporteiknet for vegen du velger å gå fortel:

EIN SPEIDAR ER SJØLSTENDIG I DET HAN TENKJER OG GJER OG PRØVER Å FORSTÅ ANDRE.

Varden som viser at toppen er nådd fortel:

EIN SPEIDAR GJER SITT BESTE I MOTGANG OG VANSKAR.

Ein nying som brenn nøysamt men sikkert fortel:

EIN SPEIDAR ER NØYSAM OG PRØVER GREIE SEG SJØLV.

Brorskapskjeda som knyter oss saman fortel:

EIN SPEIDAR ARBEIDER FOR FRED OG FORSTÅING MELLOM MENNESKE.

### SPEIDARLØFTE

Det lyder slik: I tru på Guds hjelp lovar eg: — å tene Gud og mitt land, — hjelpe andre, — og leve etter speidarlova.

Frå radikalt politisk hald har speiding i det siste fått kraftig skyts. Og vi forstår det — det står ikkje i stil med revolusjonære idear, speidarløftet. Men rett etterlevt skal det føre til ein åndeleg revolusjon — og det vil sette sterke spor av frigjering etter seg i individ og samfunn.



## Speidersang

Speider i Nord Østerdal langs med Glåmas vakre lier, mellom Kjøl og Rondens sal, Femundsmark og Aursundsstier. Sammen vil vi gå i fedres spor vasskarryss og øksevinger — bondegutt på odelsjord. Speiderkjeden sammensvinger. Speider, speider, speider, speider i Nord Østerdal.

Speider er et herlig ord, bærer bud om vår til bygder, bærer bud om godt som gror, blant vår ungdoms gode dygder. Ærlig, trofast, hjelpsom mot enhver, høflig, ridderlig mot alle, lydig, glad og ren i sær følger han det store kallet. Speider, speider, speider, speider er et herlig ord.

Speider er en riddersmann, lover etter beste evne gjøre plikt mot Gud og land, gode tørner sette stevne. Er det både kåte sprett og sprell mann blir speidergutten siden, ikke verst allikevel, kjekk og grei han står i striden. Speider, speider, speider, speider er en riddersmann.

Speider er en real gutt som vil prøve der han evner, ikke gi seg før til slutt han kan nå fram dit han stevner. En som vet at glede og humor beste våpen er i striden. En som prøver, våger, tør vise vei for ettertiden. Speider, speider, speider, speider er en real gutt.

Speider alltid er beredt, både heime og på skolen. Er et arbeid nokså kjedt smiler han som selve solen. Trofast alltid guttehjertet slår, er i striden alltid rede. «Gutten der, er gutten vår!» mor og far kan si med glede. Speider, speider, speider, speider alltid er beredt.

K.G.R.

(Melodi: Hellig er studentens kall).



## God og festleg dag for Svorkmospeidarane

20. januar skjedde det. KFUK- og KFUM-troppene blei stifta 12. september 1973, men først no blei det høgtideleg speidarinnviing. Køyreforbudet hindra ikkje folk å sparke eller gå til kyrkjjes. Professor Rasmus Nordal ved NTH, som også er korpsinstruktør for Trøndelag KFUM, tok opp gutane, og hummor og lærar Laila Tøndel, krinsleiar for KFUK, tok opp jentene. I alt blei tre leiarar, 16 gutar og 9 jenter innvigd. Det er eit godt supplement sidan det i troppene var berre 4 innvigde speidarar frå før, alle fire importerte frå Skjervøy KFUM og K.

Det var fullsett på misjonshuset etterpå.

Speidarane gjekk i fakkeltog frå kyrkja. Fruene Nordal og Tøndel leia allsong, og Nordal viste speidarbilder. For 50 år sidan var det speidarar på Svorkmo, og leiaren då, 87-årige Jon Bakken, var heidersgjest no og kom med friske og oppmuntrande appellar både i kyrkja og på misjonshuset. Troppene fekk overlatt speidarhatten hans som suvenir og symbol. Takk og ære!

Og fin dag var det. «Dette teiknar bra», sa gamle Jon Bakken.

## Speidarar elles i Orkdal

På Torshus er det ei god og aktiv tropp i Norsk pikespeiderforbund. På Orkanger har Norsk speiderguttforbund ei tropp, likeins har det vore aktivitet i ei lita jentespeidartropp der, tilslutta speiderpikeforbundet. Den store, og aktive KFUK-troppa på Orkanger blei dessverre nedlagt for noen år sidan. Vi vil vone at speidararbeidet på Orkanger får ny giv igjen. Speidarsjefen, pastor dr. teol. Knut Enger og biskop Kaare Støylen har nett sendt ut ein parole om at ein må sjå på alt speidar-

## En ny «runestav» med tegn til den nye speiderloven

Å lære speiderloven — jeg husker fra min speidertid, pugg av ord, av rekkefølge. Veien inn til ordenes mening var vanskelig for 11-åringen.

Tanken om å finne frem til et bedre system fikk jeg da jeg deltok i Gilwellkurs på Sverveli i 1964. Det ble en serie speiderlov-tegn. Tegnene prøvekjørte jeg i min aspirantpatrolje samme høst. Speiderne mottok idéen med begeistring. Det var ikke lenger kjedelig å arbeide med paragrafene.

Et års tid etter kom tegnene på trykk i Lederen. Det har vært en glede å følge den spredning idéen har fått. Mange vil sikkert kjenne igjen noen av tegnene når de ser den nye utgaven her.

### Hensikt


Hva er så hensikten med et system av tegn? Betyr det ikke bare enda en ting å lære? Systemet har to, hver for seg gode sider. For det første åpner tegn og symboler lettere veien til forståelse av tanker og begreper. Tegningen, med hele sitt idéinnhold, leses og forstås raskt og huskes lettere enn om det samme skulle uttrykkes i ord.

For det andre betyr den form jeg har gitt tegnene, mulighet for å aktivisere aspiranten. Hun kan arbeide med tegnet og får derved også innholdet av loven inn ved egen innsats.

### Form

Tegnene er laget i kontur og med rette kanter. Konturene gir mulighet for å fylle tegnene med ulike farger som passer det enkelte symbol. De rette linjene letter arbeidet når det skal skjæres med kniv eller brennes med jern, tegnes eller brukes som mønster for vev eller broderi.

arbeid som ein svært verdfull del av kyrkjjas barne- og ungdomsarbeid. Vi meiner at speidararbeidet er eit blinkskot til felles vern om barn og unge i ei for dei vanskeleg tids-epoke.



### Tegnene

Øyet er et gammelt symbol for Gud som er meget brukt i kirkekunst. «Guds øye som ser deg hvor du enn ferdes», er formen jeg har valgt som forklaring og overgang til lovens ord.

«Teltet du reiser for trygghet og ly», bruker jeg som symbol på vårt ansvar for oss selv og andre. Dette ansvaret for de nære ting, det vi møter i speiderhverdagen, blir så et mønster for videre ansvar i verden.

Knuten for godtørn er et gammelt og velkjent begrep. Det bør kunne leve videre i dagens og morgendagens speiding.



*Hjertet* er det selvfølgelige vennskapssymbol.

«Det rene *skjold* som var ridderens merke», har jeg valgt som et tegn på ærlighet og pålitelighet. Et uplettet skjold har mening også i dag.

*Treet* som spirer og trenger vårt vern, er det naturlige naturvernssymbol.

*Sportegnene* har jeg valgt for den vanskelige paragrafen som både utfordrer til selvstendighet og toleranse. Sportegnet kan si «følg denne vei» eller «gå ikke her». Speideren legger selv tegn for sin vei — men lytter også til råd fra den som har gått veien tidligere.

*Varden* forteller om at motgang og vansker ligger bak oss. Vi har gjort vårt beste og nådd toppen.

*Nyingen* — skogmannens nøysomme og sikre bål som gir varme gjennom hele natten, er valgt som symbolet for den nøysomme speider som prøver å klare seg selv.

*Brorskapskjeden* er siste tegn i kjeden av symboler. Det verdensomspennende brorskap mellom all verdens speidere er en utfordring til arbeidet for fred og forståelse mellom mennesker.

*Bjorn Lautin.*

## De to sider - - -

Framh. frå s. 2.

som taler om vårt forhold til menigheten er alle sprunget frem av Jesu ord til sine disipler i Matt. 20, 25 - 28.

«Ta vare på hjorden!» Vi har vel også lov til å bruke dette ord i en engere betydning — om den barne-skare vi er satt til å ta vare på, å oppbygge. Barna er jo de murer som folkets og landets fremtid skal bygges på. Det gjøres naturligvis gjennom de kunnskaper som meddeles dem, men også gjennom den åndelige påvirkning opp gjennom årene og ikke minst på den måte. De er skapt i Guds billede og ved den helige dåp innpodet på Kristi livstre. La oss aldri glemme det og se vår oppgave der. Lite nytter det om kunnskapene er mange, såfremt livsforbindelsen med Kristus ikke er i

orden. Svake og veike blir de da til å være murer omkr. folkets lykke, foruten at de selv mister lykken og tilfredsheten og gleden ved å være mennesker.

Ta vare på deg selv. Ta vare på hjorden. La oppbyggelsens og forsvarets gjerning gå hånd i hånd!

T. L.

### SØNDAG SEPTUAGESIMA

tyder egentlig «søttiandedagen» før påske. Rett rekna er det 64 dagar. I gamal tid gjorde dei fasta lengre fordi så mange dagar blei unnatekne for fastereglane (søndag, torsdag og laurdag). Søndag seksagesima tyder da likeins «sekstiandedagen» før påske.

Dagane er også kalla vingardssøndagen og såmannssøndagen, etter tekstene. Fastelavn tyder kvelden før faste. Og fasta blir no hos oss rekna frå førti dagar før påske, dvs. onsdag etter fastelavnsøndag, aske- onsdag. Karneval, som blir feira fastelavnslaurdag og tida omkring, var opphaveleg også kyrkjeleg fest. Karneval tyder kort og godt: «slutt på kjøtet».

### RØDDE FOLKEHØGSKOLE

besøker Orkland 24. februar. Elevkoret og musikkgruppa er med. Det blir litt av eit storbesøk.

### FASTEGUDSTENESTENE

på onsdagane i fastetida vil vi freiste ha også i år. Det blir kvar onsdag kl. 19 i Den Gode Hyrdes kapell, og elles rundt omkring i distriktet.

### DÅP

Gudstenester med nattverd har lett for å bli for lange dersom det også blir meldt dåp same dag. Derfor var det eit ønske at ein så langt råd er freista finne andre dagar for dåpshandlinga.

Forkort etterjulsvinteren med et hyggelig håndarbeid.



**Harald Hukkelås**

Orkanger.

## GUDSTENESTER



### Søndag septuagesima - 10. febr.

Orkdal. Rogstad.  
Orkland. Hyldmo og Eidhamar.  
Nattv. Offer.

Orkanger kl. 19 v. begge prestane.  
Offer til Søvasslikjølen fjellkpl.

### Søndag seksagesima - 17. febr.

Geitastrand. Eidhamar. Nattv.  
Offer til Søvasslikjølen fjellkpl.  
Monset. Rogstad.

### Torsdag 21. febr.

Orkanger kirke kl. 19. Vespergudst.  
Orkanger skolekor.

### Fastelavns søndag - 24. febr.

Orkdal. Eidhamar.  
Offer til Søvasslikjølen fjellkpl.  
Orkland kl. 19. Ola Kleiven og res. kap.  
Rødde folkehøgskoles kor. Offer.

### Onsdag 27. februar

Den Gode Hyrdes kpl. kl. 19.  
Fastegudst. Eidhamar.

### Fredag 1. mars.

Kvinnenens internasjonale bønnedag.  
Orkanger kl. 19.  
Orkland kl. 20.

### 1. s. i faste - 3. mars.

Orkanger. Rogstad. Nattv.

### Onsdag 6. mars.

Den Gode Hyrdes kpl. kl. 19.  
Rogstad.  
Gjølme bedehus kl. 19. Eidhamar.

### 2. s. i faste - 10. mars.

Orkdal. Rogstad. Nattv.  
Orkland. Eidhamar. Nattv.